



**FUNN:** Det var hunden «Otto», av rasen Border Collie, som gjorde funn av sakna mann på Moster natt til måndag. FOTO:PRIVAT

# Hunden Otto fann sakna mann

## Hundeekvipasje fekk full klaff under søk på Moster.

– No får ein påskjønning for alle dei timane ein har brukt på trening. Det kan gå år mellom kvar gong ein gjer eit funn når ein er med på søk, seier Paul Enoksen frå Sandnes til Sunnhordland.

Han vart ringt opp søndag kveld i 21-tida med at ein mann var sakna på Moster. Og rundt midnatt var han og Border Collien «Otto» på plass. Ekvipasjen er ein del av Nor-

ske Redningshunder. I tillegg til dei, var det også med fleire andre redningshundar frå Haugesund, politi, andre frivillige og redningsskøyta.

– Oppdraget til meg og «Otto» var å søkja av ein tursti med kjentmann. Me var litt heldige som kom over nokre fotspor, og dei enda i det området der me fann den sakna personen, seier Enoksen, som fortel at det var vanskeleg å ta seg fram på staden.

Dei hjelpte til i området til Luftambulansen var på plass. Enoksen trur det tok cirka 30 minutt.

Ifølgje operasjonsleiar Steinar Knudsen i Sør Vest politidistrikt var den sakna mannen kraftig nedkjølt då han vart funnen, og han vart frakta til Haukeland universitetssjuehus med luftambulanse.

– Utfallet kunne nok ha vore annleis om det ikkje var for at hunden hadde funnen personen, seier Knudsen til Sunnhordland.

Paul Enoksen seier at den sakna mannen hadde refleks på kleda, og at både han, kjentmannen og hunden fekk auge på ein person samstundes.

– Det er jo såleis ikkje eit reint hundefunn, men samstundes er det ikkje så godt å vita korleis det hadde vore om me berre hadde gått forbi, forklarar han.

Han er ein røynd hundeførar, og deltek på om lag 25 oppdrag i løpet av året. Hunden «Otto» er 8 1/2 år, og har vore med på mange aksjonar.

– Men han har aldri vore med på slike funn tidlegare, seier han.

– Kva påskjønning får han?

– Ein tennisball. Her er det ikkje noko blautkaka, for å seia det sånn, svarar Enoksen.

Det var søndag kveld at ein 69 år gammal mann, som hadde ein demenssjukdom, vart meldt sakna av familien sin på Moster. Og det vart sett i verk ein større leiteaksjon. Først klokka 3 natt til måndag vart mannen funnen. Han var nedkjølt, men svara på tiltale, ifølgje politiet.

■ Sjå også leiar side 4.

► **Olav Røli**

olav@sunnhordland.no

## Døypte båt med Fitjar-design

### Gjester frå inn og utland kom til Haugesund for å døypa «Taupo».

Båten er den første i ein ny serie prosessbåtar, utvikla av reiarlaget Napier i samarbeid med skipsdesignarane i Heimli og Fitjar Mek. Verksted. Og sist laurdag vart båten døypt i Haugesund, med Mari Tufeland som gudmor. Båten er 43 meter lang, og kan lasta

300 tonn med fisk. Med båten kan både avliving, bløgging og nedkjøling av fisken skje om bord, før fisken vert frakta til slakteri

– Det er først og fremst den biologiske tryggleiken ved denne typen fartøy, der alt skjer lukka og ingenting vert slept ut til omgjevnadene, seier Kjetil Tufteland, dagleg leiar i Napier AS i ei pressemelding.

I forkant av dåpen hadde Napier og Amar Group invitert gjester til ein demonstrasjon

av «Taupo». Torsdag henta båten laks frå ei merd, og fredag vart han levert til Espevær Laks sitt slakteri i Langevåg på Bømlo.

Ifølgje reiarlaget var det også invitert bransjefolk frå Norge, og deltakarar frå Canada, Chile, Spania og Australia. Fredag hadde dei også eit fagseminar på Langevåg Bygdatun med rundt 60 deltakarar.

► **Olav Røli**

olav@sunnhordland.no



**KLAR FOR DÅP:** Denne båten «Taupo» er 43 meter lang, og utvikla av reiarlaget Napier i samarbeid med Heimli og Fitjar Mek. FOTO: PRESSEFOTO